

Det rettferdige, relevante og lokale folkebiblioteket

Anders Ericson har tidligere under 2010 i norske Bibliotekforum (8/2010) anmeldt den amerikanske "Public Library Services for the Poor" Både i USA og Storbritannien har bøcker om fattigdom og social ekskludering blitt allt mer aktuelle spørsmål også for biblioteken. Nu har en bok på samma tema, *Public Libraries and Social Justice*, publicerats i Storbritannien, som Anders har oppmerksommar også bis lesare på!

John Pateman, som saman med John Vincent står for denne nye boka, har i mange år vore spesielt aktiv i høve til fattige og på ulike måtar utstøtte grupper. I 2020 gjorde eg eit intervju med han (i Bok og bibliotek nr. 7, 2002), då han var biblioteksjef i Merton, ein bydelkommune sør i London, der han prioriterte tenestene til desse gruppene høgt. Der oppsøkte bibliotekarane fattige og huslause i parkar og på gatene og snakka med dei og praktisk talt tok dei i handa og leidde dei til biblioteket for å vise dei korleis også dei kunne ha nytte av det. No har Pateman og Vincent samla det teoretiske og ein del av det praktiske i denne boka.

Behovsstyrte bibliotek

Ifølgje forfattarane er folkebiblioteket dei fleste stader "for alle" berre på papiret. Ting går i bølger; i periodar snakkar mange om likskap i bibliotektilbodet, men så går trenden over. Notidas ulike formar for sentralisering av tenester; outsourcing, "samproduksjon" osv., gjer at dei lokale biblioteka blir passive i høve til lokalsamfunna. Før den første biblioteklova i UK kom i 1964 var biblioteka drivne av dei enkelte lokalsamfunna, og denne nærleiken til brukarane førte mange stader til at også dei som var lågast på den sosiale rangstigen fekk sitt.

Folkebiblioteket er både gratis og mangfaldigare enn det meste anna, og ein trur det betyr at dei er inkluderande. Dei er "opne" gjennom å ha forslagskasser, elektroniske og fysiske. Men desse blir stort sett brukt av dei som alt er stovevarme. Dei same som svarer på dei fleste brukarundersøkingane.

Vi må gjenopprette det behovsstyrte og lokalt baserte biblioteket, meiner JP og JV. Vi må ta kontakt og lytte til folk og ta dei heilt konkret med på råd. Ikkje bli brukarvenlege i tydinga å kjøpe mest av dei titlane som majoriteten spør etter, men også å høyre på kva ikkje-brukarane treng. Og kva dei ikkje veit at dei treng, før dei har fått den første "kvalitetstida" med ein sosialt medviten bibliotekar.

Pateman og Vincent skriv rett ut at folkebiblioteka bør nedprioritere dei ulike krava dei set til seg sjølv om å vere komplette og perfekte ("the concepts of excellence") og erstatte dette med krav til likskap og empati. Dei meiner vektlegginga ved rekruttering av personale må gå frå spisskompetanse og teknologi til sosiale evner. Folkebibliotekaren må bli mindre ekspert og meir tilretteleggjar ("facilitator"). Og dette ikkje "berre" for at dei fattige og utstøtte skal få "sitt", men for at heile biblioteket og alle brukarane skal få meir relevante tenester.

Straffegebyr hinder

Her finst også nokre "best cases". I Halifax i Canada har dei blant anna fått stadfesta kor ulik oppfatning bibliotekarar og ikkje-brukarar har av biblioteket som inkluderande institusjon. Biblioteksjargongen og måten samlingane er ordna på er viktige hinder for det første bibliotekbesøket, men særleg eksistensen av og kunnskapen (rykta?) om straffegebyra er eit større hinder enn nokon i profesjonen hadde trudd. I Halifax har dei bytta planstrategi frå den tradisjonelle til å innby folk frå dei utstøtte, ikkje-brukande gruppene til det dei kallar "The Community-Led Service Planning Model".

Ei heil gruppe med forslag til tiltak går på å endre omdømmet til folkebiblioteket. Blant anna må biletet av biblioteket fjernast frå det som har å gjere med styresmakter, byråkrati og ugjestmilde og passive offentlege institusjonar. Og så er det viktig med gratisprinsippet, ikkje minst på Internettbruken, som kostar pengar mange stader i UK.

Pateman, John, og John Vincent. Public Libraries and Social Justice. Farnham,; Ashgate, 2010. ISBN: 978-0-7546-7714-7

Anders Ericsons anmeldelse har tidligere varit publicerad i Bibliotekforum

